

Årsmelding for Fitjar diakoninemnd 2010

Desse er med i nemnda:

Leiar Inger Marie Gilje
Kasserar Per Johan Vestbøstad
Skrivar Turid Sandvik
Medlem Anne Grethe Hatlevik
Sokneprest Olav Oma
Varaperson Sølvi Aarbø (møter fast i styret).

Diakoninemnda har hatt fire møte i 2010 for å planleggje dei ulike, faste oppgåvene som ein tek seg av.

Besøkstenesta er nok den største delen av arbeidet som vert gjort. Takka vere mange frivillige besøksvener, er det mange eldre og gamle som får besøk med jamne mellomrom, og til jul får desse ein blom.

I november inviterte nemnda alle besøksvenene til fest på Øvrebygda bedehus, med program og god mat. Diakon Liv Kari Bru tala om sorga sine mange ansikt.

Diakoniens dag vart markert på Alle Helgens Dag og medlemmer frå nemnda deltok i gudstenesta. Etterpå var dei eldre velkomne til middag (påmelding på førehand) og litt program på Fitjar bedehus.

I januar hadde me ein triveleg ettermiddag i lag med dei som bur på Havnahuset. Det var song og musikk, andakt og ei god matøkt.

Buss-turar: I mai gjekk turen til Telavåg og i september til Hardanger. Begge desse dagane var det fint ver og gode opplevingar for dei mange som var med.

Blomehelsingar: Leiar Inger Marie Gilje har gått med blom til pårørande som sit i sorg. Alle i nemnda fordeler ansvaret med blomehelsing til personar som fyller 80 eller større runde år.

Nemnda takkar alle som på ein eller annan måte er med i diakonitenesta i bygda vår !

For Fitjar Diakoninemnd
Turid Sandvik
Skrivar